

Sak til årsmøte i hovda utmarkslag.

## Tilgjengeliggjering av styrereferat for alle medlemmer.

Kjære årsmøtedeltakarar.

Eg vil med dette ta opp ein viktig sak i årsmøtet. Som medlemmar av Hovda utmarkslag har vi alle ein rett til å vere informerte og involverte i beslutningsprosessane. Eit sentralt verktøy for denne openheita er styrereferata. Desse dokumenta gir oss god innsikt i styrets arbeid, avgjersler og planar.

### Vurdering:

Ved å gi medlemmer tilgang til styrereferata gir ein alle moglegheit til å vere informerte og delta aktivt i prosessane. Dette styrkar demokratiet i organisasjonen.

Opne referat er med på å byggje tillit mellom styret og medlemmane. Medlemmane vil då også vere i stand til å følgje at avgjersler blir tatt i tråd med vedtekter og hovda utmarkslag sine mål.

Styrereferata inneheld verdifull kunnskap om organisasjonens historie, tidlegare utfordringar og løysingar. Dette er nyttig for nye styremedlem og medlemmer generelt.

Ved å digitalisere gamle referat, kan vi bevare dei for framtida og gjere dei søkbare. Dette vil gjere det enklare å finne relevant informasjon.

Alle medlem, uavhengig av verv eller posisjon, bør ha lik tilgang til informasjon. Dette fremjar inkludering og mangfald i utmarkslaget.

Vidare vil også opne referat redusere risikoen for misforståingar og konflikhtar. Medlemmane kan sjå korleis avgjersler blir tatt og kva som ligg bak desse.

### Utfordringar / løysingar:

- Konfidensialitet og personvern  
-Nokre kan hevde at styrereferat kan innehalde sensitive opplysningar, som f.eks personopplysningar eller sensitive opplysningar knytt til utmarkslaget.

#### Løysing:

*Vi kan anonymisere referata der dette er naudsynt. Dette sikrar konfidensialitet samstundes som vi gjer informasjon tilgjengeleg.*

- Tidsressursar og administrasjon ved gamle handskrivne referat.

-Offentleggjering av referata krev tid og ressursar. Styret må sørge for at dokumenta er klare, redigerte og tilgjengelege på ein egna plattform.

#### Løysing:

*Ved å gjere referata tilgjengeleg investerer ein i langsiktig transparens. Gradvis overgang ved å først digitalisere dei nye referata før vi arbeider oss bakover. Frivillige medlem kan hjelpe med transkribering og digitalisering av gamle referat. Dette kan vere ein felles innsats.*

- Manglande interesse eller relevans

-Enkelte medlemmar kan vere likegyldige til styrereferata eller finne dei irrelevante for sitt engasjement i organisasjonen.

*Løysing:*

*Tilgjengeleggjering av referata gir medlemmane moglegheit å velje sjølv. Dei som er interessert, kan sjå referata, medan andre kan ignorere dei.*

- Mogeleg misforståing

-Uklare formuleringar eller manglande kontekst i referata kan føre til misforståingar eller feil tolkingar.

*Løysing:*

*Vi kan legge til kontekst og forklaringar i referata for å unngå misforståingar. Medlemmane kan også stille spørsmål om noko er uklart.*

Konklusjon:

Trass nokre utfordringa, så vil ein vege opp for dette med meir openheit. Medlemmane vil føle seg meir inkluderte, og dermed også engasjere seg meir.

I dagens samfunn, der ein søker meir openheit og forståing, bør også utmarkslaget leggje seg på same nivå.

Mange høgtstående organ, offentleg forvaltning, samt frivillige organisasjonar legg seg no på ei linje som er prega av full openheit. Dette klarer vi også!

Forslag til vedtak: Tilgjengeliggjering av styrereferat for alle medlem.

***Årsmøtet vedtek at alle styrereferat skal vere tilgjengeleg for alle medlem via nettsida, e-post, og/eller ei anna eigna digital løysing.***